



Arkivnr: 2014/11976-53

Saksbehandlar: Knut Djuve

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		03.11.2016
Fylkesutvalet		22.11.2017

## Ev16 og Rv13 - omklassifisering av vegar gjennom Voss sentrum - høyring

### Samandrag

Etter at Vangstunnelen opna 20.12.2013 og er blitt del av stamvegen, har eksisterande EV16 hatt status som ET16, dvs mellombels status. Strekninga går frå rundkøyringa i Lundarosen gjennom Voss sentrum til rundkøyringa ved Svartenakken. Samt arm av Rv.13 frå Brynagjelet til Sverresplass i Voss sentrum. Det er spørsmål om kva status desse strekningane skal ha i framtida.

Statens vegvesen har følgjande framlegg til vedtak:

- I. Rv.13 vert forlenga frå X Rv.13/ET16 til rundkøyring i Lundarosen.
- II. Strekninga gjennom Voss sentrum frå X Rv.13 til rundkøyring på Svartenakken vert nedklassifisert til fylkesveg.
- III. Rv. 13 frå Brynagjelet til Ev.16 ved Sverresplass i Voss sentrum vert nedklassifisert til fylkesveg.
- IV. Gang- og sykkelvegane langs desse strekningane vert klassifisert i samsvar med klassifiseringa av tilhøyrande vegar.

Etter veglova § 7 første ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Hordaland fylkeskommune, der riksvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort. Saka er også sendt til Voss kommune, som har gjeve uttale.

### Forslag til vedtak

1. Innstillinga frå Statens vegvesen vert teke til etterretning.
2. Ved eventuelt vedtak om omklassifisering, må det gjerast avtale mellom vegeigar og Hordaland fylkeskommune på at vegen blir overlevert i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel


*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

### Fylkesrådmannen, 13.10.2016

Etter at Vangstunnelen opna 20.12.2013 har eksisterande EV16 hatt status som ET16, dvs mellombels status. Strekinga går frå rundkøyringa i Lundarosen gjennom Voss sentrum til rundkøyringa ved Svartenakken.

Det er spørsmål om kva status denne strekinga skal ha i framtida.

samsvar med veglova § 7 første ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Hordaland fylkeskommune, der riksvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort. Saka er også sendt til Voss kommune, som har kome med uttale.



#### Gjeldande status:

Rv. 13 vart lagt over Tvildemoen fram til den møtte Ev.16 i Lundarosen som gjekk gjennom Voss sentrum. Gamle Rv. 13 frå Brynagjelet til Ev.16 ved Sverresplass i Voss sentrum vart verande ein arm av Rv. 13 med eigen hovudparsell (Hp). Det er naturleg at også denne armen av Rv. 13 vert vurdert å endra status på.

Samstundes ønskjer Statens vegvesen å klassifisera gang- og sykkelvegtraseane langs desse strekningane.

#### Gjeldande regler for funksjonsfordeling av vegnettet

##### Riksveg

I St.prp. 72 (2008-2009) er det teke med følgjande om riksvegar:

Stamvegnettet i dag skal vere riksveg. Det er vidare lagt til grunn at vegar og ferjesamband på anna riksvegnett skal vere riksveg og riksvegsamband, dersom dei har funksjon som:

1. Kopling til nasjonale knutepunkt.
2. Kopling til større byområde, viktige interregionale vegar og viktige riksvegar mot nabolanda.

3. For å sikre eit samanhengande nasjonalt transportnett vil det framtidige riksvegnettet omfatte dagens stamvegnett, nokre få strekningar av dagens riksvegnett og nokre kortare strekningar av dagens fylkesvegar og kommunale vegar.

#### Fylkesveg

Gjeldande kriterier for grensdragning mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:

- a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar). Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene
- b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar). Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.
- c. Spreidbygde - / grisgrendte områder  
Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

#### Gang-/sykkelveg

Gang-/sykkelveg langs riksveg skal vera riksveg. I byer og tettstader, kan det i enkelte tilfelle vera hensiktsmessig å etablere gang-/sykkelveg ein annan stad enn langs riksvegen. Omfanget av riks-gang-/sykkelveg skal da vera på same nivå som riksveg i byen/tettstaden. Der gang-/sykkelveg går langs fylkes- eller kommunal veg, er desse normalt hhv. fylkeskommunale eller kommunale.

#### Statens vegvesen sin grunngjeving for valt klassifisering:

*Det vert føreslege at vegen (ET16) gjennom Voss sentrum, frå kryss i Lundarosen fram til rundkøyring på Svartenakken vert nedklassifisert til fylkesveg. Dette fordi stamvegen nå er lagt i tunnel og kriteria tilseier at vegen gjennom Voss sentrum stettar krava til fylkesvegar. Fylkesvegen skal førast fram til kontakt med jernbanestasjon og rutebilterminal, noko som denne vegen gjer.*

*Frå rundkøyringa i Lundarosen til X Rv.13/ET16 er denne alt skilta med Rv. 13, slik at det er naturleg at denne vert ei forlenging av Rv. 13 som går over Tvildemoen.*

*Det er ikkje lov for mjuke trafikantar å nytta Vangstunnelen. Gang- og sykkelveg vert som før gjennom Voss sentrum, men bør klassifiserast i samsvar med den klassifiseringa som vegen dei går langs med.*

*Gamle Rv. 13 frå Brynagjelet til Ev.16 ved Sverresplass i Voss sentrum vert føreslått nedklassifisert til fylkesveg. Her vert også gang- og sykkelvegen føreslått som fylkesgangveg (FG). Fylkesvegen vil vera omkøyringsveg om det vert naudsynt å stengja Vangstunnelen i kortare periodar i tilfelle ulykker og vedlikehald av tunnelen.*

#### Framlegg til vedtak:

- I. Rv.13 vert forlenga frå X Rv.13/ET16 til rundkøyring i Lundarosen.
- II. Strekninga gjennom Voss sentrum frå X Rv.13 til rundkøyring på Svartenakken. vert nedklassifisert til fylkesveg.
- III. Rv. 13 frå Brynagjelet til Ev.16 ved Sverresplass i Voss sentrum vert nedklassifisert til fylkesveg.
- IV. Gang- og sykkelvegane langs desse strekningane vert klassifisert i samsvar med klassifiseringa av tilhøyrande vegar.

#### Voss kommune sin fråsegn:

*Voss kommune har ingen innvendingar mot omklassifisering av dei omtalte vegstrekningane, men vil poengtere at drift og vedlikehald av fylkesveg(-ane) til og gjennom Voss sentrum må ivaretakast på ein god måte. Desse vegane er av stor viktighet for kommunen og er inngangsportar til sentrum.*

*Vår erfaring er at fylkesvegane i vårt område ikkje vert vedlikeheldne godt nok, men at desse no vert prioritert av vegvesen/fylke.*

#### Fylkesrådmannen sin vurdering:

*Etter opning av nye Vangstunnelen mellom Lundarosen og Svartenakken er funksjonen til vegane gjennom Voss sentrum, som vert foreslått omklassifisert, blitt endra. Vegane har ikkje lenger same funksjon som*

stamveg og riksveg, men vil ha ein regional betyding. ET16 (tidlegare Ev16) og Rv. 13 er sentrale regionale kollektivtrasear i retning Sogn (Ev16) og i retning Hardanger (Rv.13), med jernbanestasjonen på Voss som knutepunkt. Vegen sin funksjon vert soleis i stor grad i samsvar med kriteria for klassifisering som fylkesveg i St.prp. 72 (2008-2009).

Vegen gjennom Voss sentrum vil likevel framleis ha funksjon som gang- og sykkelveg, og som omkøyringsveg for riksvegen. Etter retningslinjene i St.prp. 72 (2008-2009) skal gang- og sykkelveg for riksveg vere riksveg. I retningslinjene heiter det likevel:

*«I byer og tettstader, kan det i enkelte tilfelle vera hensiktsmessig å etablere gang-/sykkelveg ein annan stad enn langs riksvegen. Omfanget av riks-gang-/sykkelveg skal da vera på same nivå som riksveg i byen/tettstaden. Der gang-/sykkelveg går langs fylkes- eller kommunal veg, er desse normalt hhv. fylkeskommunale eller kommunale».*

Dette tilseier at i tettbygde strøk, som høvet i Voss sentrum, treng ikkje gang- og sykkelveg for riksveg å måtte følgje riksvegen. Den kan leggast langs ein annan kommunal veg eller fylkesveg, og bør klassifiserast i henhold til dette. Statens vegvesen vektlegg også dette i framlegget til vedtak.

Det er ikkje belyst i høyringsdokumentet frå Statens vegvesen kva stand dei aktuelle vegane er i, og vilkåra for eventuell overlevering av eigarskap. Fylkesrådmannen meiner dette burde vere meir opplyst. I sak frå Statens vegvesen til departementet om omklassifisering bør det framkome om vegen er i samsvar med gjeldande retningslinjer, eller om det er behov for tiltak. Hvis etterslep på vedlikehald eller det er behov for andre tiltak på vegane bør dette fremgå i saka til departementet. Samt kostnadene dei medfører og korleis det er tenkt løyst.

Fylkesrådmannen tek på bakgrunn av ovannemnde, innstillinga frå Statens vegvesen om nedklassifisering til etterretning.

Ved eventuelt vedtak om omklassifisering, må det gjerast avtale mellom vegeigar og Hordaland fylkeskommune på at vegen blir overlevert i samsvar med gjeldande retningslinjer.